



## KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 9. april 2019

**Stad:** Kommunehuset – møterom Børilden

**Kl.:** 08.30 – 12.00

**Tilstade:** Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Tore Austrheim (medlem) og Edvard Bjerkestrand (medlem)

**Innkalla:** Fungerande rådmann Olav Mongstad (til sak 14/19)  
Økonomisjef Olav B. Andersen (til sak 15/19)

**Revisjon:**

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Bente Øksnes. Grunna meldt forfall på kort varsel, var det ikkje innkalla vara.

### **I møtet var 4 av 5 medlemar til stades**

Kommunestyret gjorde i møte den 14.02.2019 nyval av medlemar til kontrollutvalet. Medlemar og varamedlemar i Kontrollutvalet i Austrheim er etter dette:

<b>MEDLEM</b>	<b>VARAMEDLEM</b>
Solveig Hopen - leiar	Dag Arne Solberg – vara for Hopen
Arne Kästel (nestleiar)	Torunn Helland Karlsen – vara for Kästel
Tore Austrheim	Mariell Sundfjord Storebø – vara for Austrheim
Bente Øksnes	Jakob Sætre – vara for Øksnes
Edvard Bjerkestrand	Ivar Bergsvik – vara for Bjerkestrand

### **11/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Behandling i møte:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

#### **Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

## 12/19 Godkjenning referat frå sist møte

### Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 05.02.2019

### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 05.02.2019 er godkjent

#### Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 05.02.2019 er godkjent

## 13/19 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

- Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Austrheim kommune (korrigert)
- Vedtak kommunestyre 14.02.19 - Val av nytt kontrollutval med erstatning av medlem som har flytta
- Tilbakemelding etter tilsyn med branntryggleiken ved Austrheim kommunehus, brev 27.02.2019
- Rapport til eigarkommunane av NHR IKS og IHR, datert 01.04.2019

### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 14/19 Orientering / dialog med rådmann

### Saksvedlegg:

- Brev datert 24.03.2019 frå Austrheim Landbrukskvinnelag
- Rådmannen sitt svarbrev til klagen, datert 27.03.2019

### Saksopplysningar:

Fungerande rådmann er invitert til å gje ei orientering om ulike saker.

Kontrollutvalet har motteke kopi av klage på sakshandsaming vedkomande kommuneplanen sin arealdel. Rådmannen har svart på klagen og avvist denne.

Dette er ikkje ei sak som høyrer inn under kontrollutvalet sitt mandat/ansvarsområde, men rådmannen vil i møtet gje ei kort orientering også om denne saka.

### **Behandling i møte:**

Rådmannen orienterte kort om følgende saker:

- Svarbrev til klage Austrheim Landbrukskvinnelag
- Kommunen har gjennomført ei brei kursing for tilsette vedkomande Off. lova og Forv.lova. Kommunen har sendt svar til NFU  
Kan vere aktuelt å arrangere eit kurs til hausten for å gje generell informasjon til innbyggjarar, lag og organisasjonar om Off. lova og Forv. lova
- Kort orientering om status barnevern og planar framover
- Omtvista krav frå Helfo – vidare handsaming
- Organisatoriske endringar i ein overgangsfase medan rådmann er sjukemeld
- Ulike prosjekt under arbeid vedkomande:  
Administrativ organisering - organisering av spesialundervisning – organisering av teknisk område – Rus-/psykiatriprosjekt med tilskot frå Fylkesmannen – prosjekt for habilitering / rehabilitering med tilskot frå Fylkesmannen

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane og tek informasjonen til vitande

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane og tek informasjonen til vitande

## **15/19 Orientering om status økonomi 2019**

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Økonomisjefen er invitert til å gje ei orientering om økonomisk status per 31. mars 2019.

### **Behandling i møte:**

Økonomisjefen orienterte kort om:

- Status for avslutning av rekneskap 2018
- Gjennomfører no ulike prosjekt som skal ha verknad for 2019
- Er i rute for driftskostnader etter to første månader, men det er nokre usikre tilhøve vedkomande inntekter for 2019
- Må gjennomføre ulike tiltak for å redusere kostnader i løpet av året

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane og tek informasjonen til vitande

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane og tek informasjonen til vitande

## **16/19 Nordhordland Revisjon IKS – Engasjementsbrev – Austrheim kommune**

### Saksvedlegg:

- Engasjementsbrev - Austrheim kommune.

### Saksopplysningar:

Nordhordland Revisjon IKS har laga eit engasjementsbrev for Austrheim kommune som vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

### **Behandling i møte:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

## **17/19 Oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Austrheim kommune, revisjon av årsrekneskap 2018**

### Saksvedlegg:

Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet i forhold til Austrheim kommune, revisjon av årsregnskap 2018, datert 19.03.2019.

### Saksopplysningar:

I møte den 20.11.2018 (sak 35/18) handsama kontrollutvalet Nordhordland Revisjon IKS sine eigenvurderingar av uavhengighet for 2018 i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Janne Eraker er ny revisjonssjef i Nordhordland Revisjon IKS. Det er derfor laga ei ny eigenvurdering, vedkomande revisjon av årsrekneskap for 2018.

### **Behandling i møte:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning



## 18/19 Orientering om høyringsframlegg av ny forskrift for kontrollutvalg- og revisjon

### Saksvedlegg:

- Kommunal- og moderniseringsdepartement, Høringsbrev dat. 31.01.2019 – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift
- Høringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, datert januar 2019
- Ny kommunelov - 2018, utdrag del 7. Eigenkontroll

### Saksopplysningar:

Stortinget vedtok ny kommunelov i 2018. Lova skal tre i kraft 01.01.2020 / ved første konstituerande kommune- eller fylkestingsmøte etter kommunevalet 2019.

Ulike forskrifter til lova er under revisjon.

Departementet har sendt ny **kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift** på høyring, med høyringsfrist 2. mai 2019. Den nye forskrifta skal tre i kraft ved første konstituerande kommunestyremøte etter kommunevalet 2019. Den skal erstatte dagens to forskrifter; **Kontrollutvalgsforskrifta** (15. juni 2004) og **Revisjonsforskrifta** (15. juni 2004).

Kontrollutvalssekretær vil i møte gje ei orientering om ulike endringar som departementet gjer framlegg om i sitt høyringsnotat.

### Behandling i møte:

Sekretæren orienterte om saka

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning og har ingen merknader til høyringsframlegget

## 19/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

### Behandling i møte:

Ingen merknader vart teke opp i møtet

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

## 20/18 Eventuelt

Under saka orienterte leiar om motteken e-post vedkomande interpellasjon i kommunestyre om omtvista sak mellom kommunen og Helfo.


Denne saka er under handsaming i administrasjonen og kontrollutvalet avventar utfallet at dette.

Neste møte i kontrollutvalet er 22. mai 2019 kl. 08.30


Førebels saker til neste møte:

- Årsmelding og rekneskap 2018 – uttale frå kontrollutvalet
- Barnevern - oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport
- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Austrheim, 09.04.2019

  
Solveig Hopen/leiar

  
Tore Austrheim/ medlem

  
Øivind Olsnes/sekretær